

Innsamling av nolevande folkemusikktradisjon innan spel, song og dans i Hardanger

Til

Hordaland Fylkeskommune
Prosjekttiskot: Kultur-amatør
v/Marianne Ose Askvik
PB 7900,
5020 BERGEN

Hardanger Spelemannslag
v/Alexander Aga Røynstrand
Nitunsvegen 6,
5736 Granvin
roynstrand@hotmail.com
Org.Nr. 887 104 662
Kontonr. 3450.20.04672

Granvin 1.09.2017

SØKNAD OM STØNAD

Hardingfela og folkemusikken er og har alltid vore ein viktig del av kulturen i Hardanger. Den eldste hardingfela i Norge, Jåstadfela datert 1651, er laga her. På 1700-talet var Isak og Trond Botnen felemakarar som laga instrument både for den norske og internasjonale marknaden. I vår tid er Håvard Kvandal, Anders Åsen og Olav Vindal kjend som svært gode felemakarar. Dei tidlegaste spelemennene me kjenner til i Hardanger er og fra 1600-talet, som Anved Prestgarden i Granvin, og Ola Hilldal i Odda. På 1800-talet var Ola Håstabø, Per Bulko og Lars Røynstrand kjende namn. Halldor Meland (1884-1972) var stilskapar, komponist og lærermestiar for ein heil generasjon etter seg, til dømes Anders Kjerland. I vår tid er namn som Frank Rolland, Alexander Aga Røynstrand, Knut Hamre, Benedicte Maurseth og Anlaug Børshheim folkemusikkarar på heiltid, som yrke.

Hardanger Spelemannslag vart skipa 1948 og er ein viktig aktør for folkemusikken i Hardanger. Laget har i dag om lag 100 medlemmer fordelt på dei fem kommunane Granvin Herad, Eidfjord Kommune, Ullensvang Herad, Ulvik Herad og Odda Kommune. Laget driv opplæring, deltek på lokale og nasjonale kappleikar, skipar til kappleikar og held konserter. I 1984 kom folkemusikkopplæringa i Hardanger inn i dei kommunale kulturskulane, og i dag er det ca 60 elevar på hardingfele. I tillegg kjem ca 50 elevar i kveding og dans.

Både spelemannslag og kulturskular har hatt mykje å seia både for opplæring og auka interesse for folkemusikk.

Hardanger Spelemannslag har tatt initiativ til eit dokumentasjonsprosjekt for å samla inn tradisjonsmateriale når det gjeld spel, song og dans. Det er lenge sidan det har vore samla inn tradisjonsmateriale i Hardanger. Når fleire av dei sentrale utøvarane no er 80 og 90 år, hastar det med å dokumentera den kunnskapen dei har og den tradisjonen dei står i. Folkemusikk endrar seg over tid, og for å forstå og nytiggjera seg både endring og utvikling er det naudsynt å

dokumentera endring og utvikling over tid. Kvar generasjon og utøvar har sin påvirkning på form og utføring, og det er viktige detaljar å dokumentera.

Alt innsamla materiale vil verta arkivert på Hardanger folkemusikksamling og-arkiv på museet på Utne. Her er det tilsett arkivar, som vil ta hand om materiale og sikra oppbevaring og varig vern for ettertida innan ulik teknologi.

Sjølve dokumentasjonsarbeidet vil verta gjort av prosjektleiar i samråd med prosjektgruppa, som alle er kunnige folkemusikkutøvarar og svært interessert i at tradisjonen vert teken vare på.

For ettertida skal det vera mogleg å henta ut tradisjonsmateriale og framtidige utøvarar må kunna gje ut sine eigne tolkingar av folkemusikken.

For å sikra ei god gjennomføring av prosjektet har Hardanger Spelemannslag gjort eit pilotprosjekt, og sett av pengar til å gjennomføra dette saman med kommunane Granvin og Eidfjord. Her vart det gjort nyttig erfaring som vil direkte overførast hovudprosjektet. Prosjektleiar og styringsgruppa var saman om å gjennomføra pilotprosjektet hausten 2016. Gjennom dette arbeidet fann ein fram til tenleg framgangsmåte i det vidare arbeidet, og kva dei ulike kostandane med hovudprosjektet vil kunna kalkulerast til.

Det vert lagt ved søknaden ein kostnadskalkyle og ein finansieringsplan. I tillegg legg vi ved ein arbeidsplan for dei tre fasane prosjektet tenkjer seg å gjennomføra på tre år, i 2017, 2018 og 2019.

Når vi søker Hordaland Fylkeskommune gjennom "Prosjektilskot: Kultur-amatør" viser vi til dykkar interesse for kulturfagleg innhald, dykkar fokus på regional verdi og/eller nedslagsfelt, dykkar ynskje om vidareutvikling av kulturlivet i Hordaland der overføringsverdien til andre er særstak, dykkar ynskje om at Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang for alle, dykkar ynskje om at kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vera leiande og dykkar fokus på born og unge.

Prosjektet «Innsamling av nolevande folkemusikktradisjon innan spel, song og dans i Hardanger» meinar vi ligg godt innanfor dei områda som Hordaland Fylkeskommune ynskjer å støtta og gje stønad til.

Vi søker på denne bakgrunn om kr. **50.000 NOK** til vårt prosjekt for 2017/2018.

Vi ser fram til positiv tilslutnad til prosjektet!

Venleg helsing
Hardanger Spelemannslag

Alexander Aga Røynstrand
-Leiar-

Vedlegg

1. Prosjektbeskrivelse
2. Kostnadskalkyle og finansieringsplan
3. Arbeidsplan